

## Svar på høyring – Forslag om endringar i opplæringslova og privatskolelova

Kvam herad viser til høyringsnotat datert 18.12.13. Kommunen vil gjev følgjande uttale til høyringa

### 1) Leksehjelp.

Kvam herad stiller seg positiv til at kommunen sjølv kan gi leksehjelp på dei trinna kommunen vurderer har størst behov for det. Ut frå erfaring kan elevane på dei høgare trinna ha meir behov for leksehjelp og utbytte for elevane er også større.

Kommunen vil understreke at det bør vera krav om godkjent lærarutdanning for dei som skal gje leksehjelp

### 2) Frukt og grønnsaker i skulen

Kvam herad er ikkje positiv til at plikta om å gje elevane gratis frukt og grønnsaker vert oppheva. Kvam herad er av den oppfatning at denne plikta bør utvidast til å gjelde alle elevane i grunnskulen og det må finansierast gjennom statlege overføringar. I eit folkehelseperspektiv er det viktig at alle barna i grunnskulen får høve til å etablere gode vaner og sunt kosthald. Frukt og grønnsaker i skulen er og eit bidrag i å utjevne sosiale forskjellar for barn og unge.

### 3) Opplæring av ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker opphaldsløyve

Kvam herad støttar forslaget om rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom som er over opplæringspliktig, under 18 år og som søker om opphaldsløyve.

Med helsing

*Nita Aamelfot*

Nita Aamelfot

Leiar for barnehage og skule

